

## Dal øvre (gnr. 170)

### Dalgardane.

Dei tri gardane Dal øvre, Dal nedre og Øvstedal har sikkert vokse fram av ein og same opphavsgarden. Kvar denne opphavsgarden låg, kan ingen seia heilt visst, men fleire ting tyder på at han låg på Øvre Dals grunn. Det er iallfall dette Dal som først vart dyrka fram til å bli ein stor gard. Med stor meiner vi her den utvikling at han vart rekna i gruppa for "fulle" gardar. Denne utviklinga hadde ein del av Dalgardane nådd tidleg på 1500-talet. Vi finn han ført blant dei 34 av Fåberg-gardane som i 1528 betalde den ekstra sølvskatten som er kalla Gjengarden. Namnet på garden vart da skrivi Dall, og brukaren heitte Hollin. Han var ein av dei som svara skatten med 1 lodd sølv, som m.a. John Jørstad og Jens Hovin.

Tretti år seinare finn ein nemnt to Dalsgardar, og Mats i Dalen svara ein bukk i forsikringsskatt, men Oluf i Dalen svara eit får. Tri år seinare er Mats kalla Mattis. Han hadde da vore med i eit slagsmål og brukt hamar, men fekk ei bot på ½ dalar for det. I lista over den ekstra bygningsskatten av 1594 er det derimot atter nemnt berre ein gard Dall, og den betalde skatten i gruppa for fullgardar. Av lista over tiendekorn for 1604 får ein derimot greie og gode opplysningar. Av Dalgardane er da den eine kalla Nerdall og den andre Dall, og båe svara tienda med 2 ½ td bygg som t.d. Reistad og Ulland. Her i lista over tiendekorn 1604 finn ein og "Øffstedall", som betalde tienda med 1 ½ td. bygg. I ei skatteliste av 1610 er det elles det merkelege at den eine av Dalgardane er kalla "Bøntedall". Det er eit spørsmål om det ikkje før hadde vore ei kvinne med namnet Bente eller Bønthe som hadde brukt dette Dal. Men i 1610 var det ikkje, for da heitte brukarane både på Øvstedal og båe Dalgardane Jon. Om den eine av desse Jon-karane på Dal i Fåberg er det elles i 1624 fortalt at han også var stor odelseigande bonde. Han åtte da forutan jordegods av skyld 10 ½ skinn i Dal også 3 ½ skinn i Kurud i Fåberg, 3 ½ skinn i Berge i Øyer, 3 skinn i Nordrum og 1 skinn i Rottås i Ringebu.

I 1624 hadde, som det såg ut for, Oluf Breiset døydd av dei såra han hadde fått under eit slagsmål med kniv, men saka var nok meir innfløkt enn som så. To år seinare vart det derfor vald 11 lagrettesmenn til å granske denne saka nærare, og blant dei var både Jon Dal, Peder Dal og Oluf Øvstedal.

Frå kring 1660 er det fleire opplysningar å finne om gardane: Brukarane på Dal heitte da Tore og Peder, dessutan er Morten Dal nemnt ved sida av Kristen Øvstedal. Husdyrhaldet på gardane var i den tid størst hos Kristen Øvstedal, som hadde 1 hest, 3 hopper, 16 naut, 10 sauer og 2 griser. Av dei andre hadde Morten Dal 1 hest, 2 hopper, 12 naur, 16 sauer og 1 gris. Samtidig var det hos Tore Dal 1 hest, 2 hopper, 11 naut, 18 småfe og 1 gris, og hos Peder Dal: 2 hopper, 9 naut, 14 småfe og 1 gris. Det store hoppehaldet kunne tyde på at dei alle dreiv hestealnad, men dette er likevel ikkje så visst, da det i den tid var fleire hopper enn hanhestar på mest alle litt større gardar i Fåberg.

Om brukarane sjølve åtte gardane sine, går fram av odelsmannsmanntalet, også frå 1657. Det kan fortelja at Morten Dal sjølv åtte jordegods i sin gard for 2 huder; Tore eide for 1 ½ hud i sin, og Peder Dal for 1 ½ hud i sin gard.

Åtte år seinare er det i 1665 opplyst at det fulle namnet til Tore var Tore Jonsen Dal, og at garden hans heitte Øffre Dahl. Tore var da 63 år og hade ein son som heitte Håken. Han var 30 år og nett da ferdig med militærtjenesta. Det er elles fortalt at det i den tid var 2 husmenn på garden: Halvor, 56 år, og Jacob Olufsen, 24 år. Den samla skylda av Øvre Dal var da 3 huder, og garden vart ført i gruppa for fullgardar. Under "Halfve Gaard" finn ein elles oppført: Dal,

skyld 2 hd., med Morten Mortensen som brukar, og Øvstedal, skyld 2 hd. 2 skn., med Syver Olsen som brukar. – Morten Mortensen var da 60 år og hadde 2 søner: Peder 18 år og Morten 15 år. Syver Olsen på Øvstedal var 44 år og hadde ein tenestkar, Nils Olsen som var 42 år, som truleg var hans eigen bror. Ein annan husmann ved Øvstedal var Eilert Gregorisen, 21 år. Etter desse felles opplysningane går vi over til å sjå litt nærare på kvar gard for seg.

## Dal øvre

Da den nye norske matrikkelen kom i 1668, var Tore Jonsen framleis brukar og eigar av heile garden på Dal øvre. Landskylda var på 3 huder kunne og svarast i 5 ½ phd. 2 mark smør. Om jordvegen på Øvre Dal er det i matrikkelen vidare fortalt at enga, innmarka var god, og at meire kunne dyrkast. Det var skog til gards bruk og dessutan tømmerkog. Garden hadde seter og sommarbeite åt krøtera på Hoknesetra, og det var fiskeri i to teinlag, det ”Ene Scholens och det andet Bundens”. Buskapen av store husdyr var da 5 hestar og 24 storfe, og den årlege korntienda vart utreidd med 3 ½ td. bygg, som altså svara til ei årsavling på 35 tdr. – Den skolen det her er tale om, var sikkert Christiania skole, som t.d. også hadde ein slik fiskerett under Lysgård.

Om slektskap mellom Dal øvre og Rindal i Vingrom fortel ei sak frå 1666. Peder Jonsen Rindal selde da til eldste bror sin Tore Jonsen Dal ei ½ hud jordegods som far deira hadde selt til framande, men som Peder Rindal da hadde løyst inn. – Sytten år seinare går det tydeleg fram at det i den tid var son til Tore, Håkon Toresen, som hadde Øverdalen. Han gav da skjøte til bror sin Anders Toresen Dahl på ”hans foreldres gaard Nordahl i Faaberg av skyld 3 huder”. Merkeleg nok er garden her kalla Nordahl.

Året etter var i 1684 gamle Tore Jonsen død, og det var skifte i Øverdala den 4. juli s.å. Kona til Tore Jonsen var framleis i live, og det er opplyst at ho og Tore hadde 5 born i ekteskapet. Det var Håken, Iver, Anders, Ole, Tollef og Kjersti, som det samtidig er fortalt var gift med I. Jevne i Øyer. Administrator ved dette skiftet var Regimentskrivar ved Kavalleriet og Dragonene søndenfjelds Søfren Jenssen Bartun og takseringsmenn var Syver Øvstedal og Knut Jørstad. – To år seinare fekk Anders, som er nemnt her ovanfor, også søskenskjøte på odelsgarden Øver Dal. Det er elles fortalt at eldste sonen, Håkon Toresen, da var dimittert frå det militære etter å ha tenestgjort der i 22 år.

I 1714 var det ei stor tvistemålssak mellom Anders Dal øvre og Anders Nordalen. Rettsmøtet vart helde i ei lauvhytte mellom gardane og styrt av Hans Jacob Smidt. Lagretta var og utanbygds folk som Hans Skøyen, Lars Lunke, Kristen Bergum, Johannes Mo og Oluf Li. Tilstades var og lensmann Johannes Jevne og Monsj. Johan Gidding på Vingnes. Saka galdt hamning og hogst i sameige, og det vart ført mange vitne av bae partar. Vitnemåla galdt især bruken av dette sameige i tidlegare tider. Striden stod m.a. om kven av partane som hadde rett til å bryte ris i Skålsveen. Men den store striden endte så vidt ein kan sjå med forlik.

Fire år seinare var i 1718 Åse Kristofersdtr. kona til Anders Toresen død, og det var atter skifte på Øvre Dal. Ved dette skiftet utgjorde arvebuet brutto 390 rd. og netto 274 rd., og det er opplyst at garden framleis som før hadde ei skyld på 3 huder. Arvingane ved skiftet var forutan enkemannen Anders Toresen dei 4 borna i ekteskapet. Av dei var det ein son: Kristofer, og tri døtre: Kjersti, Anne og Berte. Anne Andersdtr. Dal var da gift til Mælum, og Kjersti Andersdtr. var gift til Skoug. Berte, som var yngst, var da 18 år og ugift.

I 1720 var det elles Anders Iversen som hadde odels- og åsetesretten til Øvre Dal, men desse rettane selde han til Kristofer Andersen til ”evindeligg odell, arv og eiendom” for 824 rd. Samtidig fekk og den nye eigaren av garden skjøte frå dei 3 verbrørne sine Henning Skoug, Ole Mælum og Rasmus Besserud på ”2 huder 3 skn. Jordegods i hans påboende gaard Øvre Dahl i Fåberg sogn mot at betale hver av sine søstre 54 rd.” Unge Berte som vi før har nemnt, var altså da vorte gift til Besserud.

Etter atter 3 år kom i 1723 den nye matrikkeltilrådinga med fleire opplysningar om gardane. Om Øvre Dal er det der fortalt at garden ligg i sollia, og at jordarten er god, men at garden er tungbrukt. Det var skog der til brenneved, gjerdefang og noko til hustømmer. Det var seter med god hamn og utslåttar til 2 lass høy. Heile høyavlinga var i vanleg gode år kring 50 lass, og kornavlinga var 30-35 tdr. bygg og 1 td. rug. Buskapen på øvre Dal var da hestar, 2 føl, 30 storfe, 24 sauver og 10 geiter. Så er det og opplyst at det var kvern som dei nytta til eige bruk, og det var fiskeri i Laugen elv av lagesild og av aure. Matrikkelkommissjonen gjorde framlegg om at skylda på garden burde høgdast med 1 hud og 6 skinn.

Husbonden på Dal i 1723. Kristofer Andersen, vart elles ingen gamal mann. Han drukna i Lågen i 1745, og det var da atter arveskifte på "Dahl øvre". Ved dette skiftet vart garden Dal verdsett til 600 rd. og arvebuet utgjorde brutto 1554 rd. og netto 1560 rd. Det var ingen gjeld. Arvingane ved skiftet var forutan enka Sidsel Amundsdr. dei 9 borna deres. Av desse var det 2 tvillingpar: Anders og Amund, som da var 20 år, og Mari og Beret, som da var 17 år. Dessutan var Berte 22 år og Eli 11 år. Alderen på Åsta og på Anne er ikkje oppgitt. Av desse døtrene vart Åsta seinare gift med Hans Presterud, Anne med Syver Skoug, Beret med Amund Bentsen Døsen f. Gaustum og Mari g.m. Knut Bentsen Lien f. Gaustum.

To år etter var det eit makeskifte mellom øvre Dal og nedre Dal. Nerdalen fekk da eit slåtteland Steinbrusvea som før hadde tilhørt øvre Dal, og denne garden fekk Ertbakken og Skjerpinga og eit stykke kalla Kalvlykkjebakken som før hadde hørt til nedre Dal. – Så å seia samtidig gav i 1747 arvingane etter Kristofer Andersen samsøsken – skjøte til eldste broren Anders Kristofersen på garden "Øvredalen" av skyld 3 huder for sum 514 rd. + føderåd til mora Sidsel Amundsdr. I samband med denne handelen lånte kjøparen 200 rd. av Ole Bentsen Gaustum mot 4% årleg rente og 1.pr. pant i Øverdalen. Sidsel Amundsdr. døde elles alt i 1753, og det er da opplyst at Amund Bentsen var i Lien i Saksumdalen.

I mellomtida gav i 1751 Anders Kristofersen bygselseddel til Syver Nilsen på "en under hans gård Øverdalen til og underliggende husmannsplass Gutsveen kaldet mot årlig husleie 20 mælingers slått og 6 hovoldage". Samtidig gav og husbonden Anders Dal bygselseddel til Kristen Eriksen på husmannsplassen Haugen på dei same vilkår som for Gutsveen. 13. oktober 1762 var det synfaring og takst på Øvre Dal på grunn av skade ved vassflom og jordskred. Denne saka er i utskrift av tingboka referert slik:

"Besiktigelse på grd. Øvre-Dahlen efter forlangende av oppsidderen Anders Christophersen, på grunn av skade ved vannflom og jordskred.

Anders Christophersen opplyste at hans gård ved pinsetider for 2 år siden hadde lidt sådan skade ved vannflom og jordskred, at han umulig kunde utrede skatter av 3 huder som gården skylder, og holde dragonhest, særlig da hans huse og løsøre for nogen år siden var ødelagt ved ildebrand. Dette tillikemed nogen års misvekst gjorde at han måtte søke om forlindring for de kgl. Skatter. Retten beså gården som ligger i en temmelig bratt bakke. Straks nord for gården rinder en bekk ned fra fjellet. Ved flom i denne bekk har jorden løsnet oppe i fjellet og ødelagt den betydeligste del av gårdens eng og en del aker. – Eragtet: Den skade som er overgått denne gård er så betydelig at oppsidderen ikke kan klare sig, med mindre Hans Myt. vil benåde ham med 5 års skattefrihet. En god del av det beskadigede kan neppe istandsettes, skjønt det der på er anvendt alt mulig arbeide. Retten vet at oppsiddereis opplysning om ildebrannen er fullkommen sandhet."

Etter dette følgde atter ei god tid for garden da eiga atter auka. I 1785 gav så Anders Kristofersen skjøte til eldste sonen sin Ole Andersen og arvingar på garden "Øvre Dalen" av skyld 3 huder for sum 700 rd. + føderåd til foreldra for levetida på øvre Dal.

Frå 1798 er ei kontrakt mellom Ole Andersen Øvre Dalen og Bent Olsen Mælum om anlegg av eit nytt "Ørefiskeri som skal være til felles bruk". Kontrakta, som gir fleire interessante opplysningar, har denne ordlyden:

"Kontrakt Dat. 1798, oktbr. 8. Tgl. 1798, oktbr. 9. mellem Ole Andersen Øvre Dahlen og Bendt Olsen Mælum.

Eftersom Mælums opsidder før i tiden har benyttet "et Øret Fiskerie Bispemellem kaldet, hvilket fiskeri var beliggende på Øverdalen grund, men efter gamle fastsettelser lyde til bispestolen og derfra overdraget til Mælums opsidder for årlig derav å betale til biskoppen 24 s., men da dette fiskeri i året 1789 blev tatt bort av den bekjendte store vannflom, så blev de så enige: Øverdalen og Mælum har på et annet sted bygget op et Øret Fiskerie som skal være til felles bruk; dog skal Mælums opsidder fremdeles betale bemeldte 24 s. Om det nok engang skulle hende at dette fiskeri blev tatt av flommen, skal de, om de finner for godt, legge et nytt på et annet sted."

Året etter, altså i 1799, døde husbonden Ole Andersen. Av skiftet i samband med dødsfallet går det tydeleg fram at det i denne tid var velstand på øvre Dal. Garden "Øvre Dahlen" av skyld 3 huder vart ta taksert for 1400 rd., og skiftebuet utgjorde brutto 2668 rd. og netto 1095 rd. Arvingane var forutan enka Kari Arnesdr. dei 3 borna i ekteskapet. Av dei var Arne da 10 år, Kristofer 8 år og Berte 5 år. – Etter atter berre eitt år mista borna også mormor si, enka Kari Olsdr., som hadde vore gift med Anders Kristofersen. Det eine med det andre gjorde at borna måtte få formyndar, og det vart store skifte i dei heimlege forhold i Øverdalen.

Ved folketellinga i 1801 var det formyndaren for borna, Børre Gulbrandsen, som var brukar og husbond på garden, og det var da 8 familiar som budd e på eller ved Dal øvre. Det var:

1. familie: 1. Børre Gulbrandsen, husbonden, 27 år, 2. Kari f. Lundgaard Arnesdr., kona hans, 34 år. 3. Arne Olsen, son til kona, 10 år, 4. Kristofer Olsen, son til kona, 9 år, 5. Berte Olsdr., dotter til kona, 6 år, 6. Arne Eriksen, tenestkar, 24 år, 7. Ole Larssen, tenestkar, 17 år. 8. Kirsti Pedersdr., tenestkvinne, 23 år. 9. Anne Siversdr., tenestkvinne, 18 år. 10. Anne Håkandsdr., tenestkvinne, 17 år. 11. Marit Olsdr., tenestkvinne, 21 år.
2. familie: 1. Kristofer Siversen, tenestkar, 50 år, 2. Ragnhild Hansdr., kona hans, 43 år.
3. familie: 1. Ole Wintsen, legdkall, 79 år, 2. Sønnøv Oldtr., legdkvinne, 85 år.
4. familie: Ole Siversen, husmann med jord, snekker, 50 år, 2. Anne Eliasdr., kona hans, 42 år.
5. familie; Skålsvea. 1. Knut Siversen, husmann med jord, 49 år, 2. Anne Olsdr., kona hans, 57 år, 3. Anne Knutsdr., dotter deres, 13 år, 4. Anne Knutsdr., mor til mannen, 75 år.
6. familie: 1. Peder Olsen, husmann med jord, 54 år, 2. Malie Oladtr., kona hans, 65 år.
7. familie: Gutsveen. 1. Kristen Kristensen, innerst utan jord., går i dagarb., 29 år, 2. Kari Pedersdr., kona hans, 31 år, 3. Kristen Kristensen, son deres, 2 år.
8. familie: Ø. Haugen. 1. Erland Siversen, dragon og husmann med jord, 39 år, 2. Tora Kristensdr., kona hans, 32 år.

Fem år seinare døde i 1806 føderådsmannen Andreas Chr. Dahl, og det var atter skifte i Øverdala. Av opplysningane ved dette skiftet er det fleire slektsopplysningar: - Son av Andreas, Ole A. Dahl, var da, som vi veit, død før, og barnebarna hans der heime på øvre Dal var: Arne Olsen, 16 år, Kristofer Olsen 15 år og Berte Olsdr. 12 år. Dotter av den døde: Sedsel Andersdr. var og død, men av borna hennar var Kari Olsdr. gift med Tosten Skard i Øyer, søster Mari Olsdr. var gift med Amund Skalmstad, Øyer, søstera Kari (?) Olsdr. var

gift i Fåberg med Amund på nedre Dal, søstera Marit 25 år og broren Kristen Olsen, 20 år, var framleis ugifte. Dotter av den avdøde, Mari Andersdtr. var framleis i live, og var gift med Holm Olsen Jørstad, og Anna Andersdtr., 50 år, var ugift, og Kjersti var g.m. Bent Mælum. 30. november 1810 gav formyndaren for Arne Olsen og mor hans Kari Arnesdtr. skjøte til odelsarvingen Arne på garden Dal med Høknemarka av skyld 3 huder for 1400 rd.+ føderåd til mora og verfare.

Fire år seinare brann husa på Øvre Dal, og slik at det var 2 brannar same året. Om dette fortel Fåberg tingbok av 20. juni og 6. desbr. s.å. slik:

20. juni 1814

”Korporal ved nordre Hedemark Dragon Kompanie Arne Olsen Dahl gav tilkjenne at ved en grd. Øvre Dahl den 16. febr. inntruffen vådeild, brente bl.a. hans munderingssaker: Palask med geheng, bandolær og taske med tilbehør, livmundering, kjole og vest med et par gule pantalon og et par blå overbukser, et par støvler med sporer, en Chapot med fjeder og plade, en foruragelue, et halsbind, 1 kittel, 1 vandrins, og et par hansker. Samtidig brente for trometer nr. 2 Christopher Olsen (Arnes bror), 1 palask med geheng, og de nyeste støvler med sporer.

Bekreftet av to vidner. Tingsvidne bevilget utstedt.

6. desbr. 1814

Korporal Arne Dahl møtte og tilkjennegav at der natten mellom 30. sept. og 1. okt. overgikk hans gård Øvre Dahl en betydelig ildebrand. Han fremstillet vidnerne Ole Hansen Øvstedahl og Arne Torgersen Nedredahl som erklærte at der natten mellom 30. sept. og 1. okt. oppstod vådeild på grd. Øvredahl, hvorved låven med den innhøstede kornavling, fæhuset, stallen, småfæhuset, størhuset, med høiavling og svinehuset brente opp. Det eneste som blev berget fra ilden var en harv og to ploger samt nogen huder som imidlertid var ødelagt av ilden. Siste vår var der også ildsvåde på Øvredal, da et størhus som eieren hadde mange ting innlagt, brente opp.

Tingsvidnet sluttet.”

Ein kan undrast på om det da budde ein pyroman på eller ved garden.

Etter atter 5 år gav i 1819 Lars Pedersen Huse, Arne Olsen Øvre-Dalen og Peder Olsen Husesletten skjøte til Collet & Søn på ”en eiendom på Hoknesæteren med Høknemarken for 12000 rd.”

Frå same året er det i matrikkeltilrådinga av 1819 opplyst om ”Øverdalen” at buskapen av store husdyr da var 6 hestar og 34 storfe, og at den årlege kornavlinga var ca. 116 tdr. Om åkerjorda der er det da brukt det uttrykket at den er ”Yperlig”, og det går vidare fram at det i den tid var 5 husmannsplassar til øvre Dal.

Ein merker seg elles at i 1819 var det og kome ny brukar til øvre Dal, og at han heitte Christian Christophersen Dahl. Han hadde den 15. febr. s.å. ei synfaring og skjønnsforretning ved Øvre Dahls-Sag, og ein månads tid seinare ordna han og Lars Huse med ei kontrakt om Hoknesetra.

Christian Christophersen som da var kome til øvre Dal, var frå Sørgarden Jørstad og var vorte gift med Berte Andersdtr. Dahl født 1795. Han vart snart kalla Christian Dahl og var ein sers opplyst og kunnskapsrik bonde for si tid. Frå 1837 kom han mye med i det kommunale liv i Fåberg. Han vart såleis valt som Fåbergs første ordførar og var i alt ordførar i 15 år.

Korporal Arne Olsen Dahl, som hadde fått skjøte på farsgarden Øvre Dal i 1810, døde ganske ung i 1817. Ved skiftet i samband med dødsfallet vart garden øvre Dal taksert til 1100 rd., og som av den avdøde, Ole Arnesen, arva da 704 rd., som inntil vidare skulle stå i garden.

Børre Gulbrandsen ble myrda 1820.

Ole Arnesen var brukar på Dal øvre framleis i 1849. han ordna da eit makeskifte med Ole Aanstad i Gausdal om Hoknesetra. Året etter gav han føderådskontrakt til "sin Stedfader Christian Dahl og Moder Birthi Dahl". – Men i dei vanskelege år som da følgde, kom Ole Dal i store økonomiske vanskar. Dette går fram av eit forlik som han da avtala med tre av grannane sine. Han gav her Andreas Jørstad, Erik Dahl og Kristian Øvstedal fullmakt til "at bestyre, sælge og afhende alt hans faste gods efter Forgodtbefindende, samt i Tilfelde at udstede de fornødne Hjemmelsdokumenter." Dette førde vidare til at buet i 1867 vart utlyst som Ole Dahls konkursbu, og at garden vart utparsellert og seld som fleire bruksnummer. – Aktiva ved konkursoppgjæret var garden Dal med buskap og inventar, og dette var ved landbrukstellinga i 1866 store verdjar. Jordbruksarealet av åker, eng og seterlykkjer på øvre Dal var da oppgitt til å vera 557 mål, og av dette var 177 mål jord av 1. klasse. Vidare er det og opplyst at buskapen der i den tid var 4 hestar, 13 storfe og 17 småfe på sjølve garden, men dertil var det på husmannsplassane til øvre Dal til saman 24 kyr og 80 småfe. På same måten var utsæden på sjølve garden 17 tdr. korn og 10 tdr. poteter og dertil på husmannsplassane 10 tdr. korn og 11 tdr. poteter. Desse tala viser tydeleg at konkursoppgjæret i 1868 var alt anna enn småtteri. Det same går kanskje enda tydelegare fram av den nye matrikkelen av 1886. Etter den gamle matrikkelen var Dal øvre matr.nr. 82 med eitt bruksnummer; i den nye var Dal øvre gardsnummer 170 med 10 bruksnummer. Det var: gnr. 170, brn. 1 Dal øvre av skyld 15,27 mark, som Kristian Kr. Øvstedal da hadde kjøpt og brukte, brn. 2 Hoknesetra av skyld 0,82 mark, som Ole Hansen Delet hadde kjøpt, brn. 3 Haugerenga av skyld 0,19 mark, som var seld til Ole Olsen Svarverud, brnr. 4 Ødegården nedre og Bottum av skyld 1,46 mark, som Arnt Olsen Dahl, son av før omtala Ole Arnesen, hadde overtatt, brn. 5 Gutsveen av skyld 2,64 mark, og med Mathias Syversen som ny eigar, brn. 6 Aaen av skyld 1,89 mark med Hans Jonsen Hauger som eigar og brukar, brn. 7 Skålsveen m/Øverengen, som var overtatt av Simen Kristiansen, brn. 8 Skansen, overtatt av Ole Kristiansen, brn. 9 Ødegården, som var seld til Matias Olsen, og brn. 10 Dalsteinlagets Fiskegrund, som var seld til Torstein Rustad. Etter ajourført matrikkel i 1904 var det da skjedd dei skifte at gnr. 170 brn. 1 Dal øvre var overtatt av B.K. Dahl, Peder Tobiassen Huse hadde kjøpt brn. 2 Hoknesetra, brn. 5 Gutsveen var overtatt av Kristian Mathiassen, brn. 8 Skansen var seld til Ole Olsen, og dessutan hadde Simen og Iver Rustad kjøpt brn. 11 Bottumsteigen. To år seinare kjøpte i 1906 Andreas Høgsveen brn. 14 (Dal øvre) av skyld 1,63 mark, og Simen Rustad kjøpte brn. 14 Dalshagen av skyld 5,87 mark. Endeleg kjøpte i 1917 Fåberg kommune brn. 17 Einsbyfalla av skyld 0,21 mark, Erik Holmen kjøpte i 1925 brn. 18 Lilleødegården søre av skyld 1,10 mark. Hilma Bakken kjøpte i 1936 brn. 19 Veiset av skyld 0,03 mark, og Ole Haugen kjøpte i 1938 brn. 20 Steine av skyld 0,05 mark.

Ved jordbruksregistreringa i 1939 var det vorte 21 bruksnummer under gardsnummer 170 Dal øvre. Det aller meste av den dyrka jorda låg likevel under desse 10 bruka, som alle hadde eit jordbruksareal på meir enn 10 mål (da). Det var: Grn. 170 brn. 1 Dal øvre med Iver Rustad som brukar og eigar og med eit jordbruksareal på ca. 170 mål, brn. 4 Bottum med Erik Jevne som eigar og brukar og ca. 25 mål jordbruksareal, brn. 5 Gutsveen med jordbruksareal ca. 35 mål og med Matias Gutsveen som eigar og brukar, brn. 6 Aaen, areal ca. 30 mål, brukar Ivar Aaen, brn. 7 Skålsveen, jordbruksareal ca. 30 mål, eigar og brukar Håkon Johansen, brn. 8 Skansen, jordbruksareal ca. 15 mål, eigar og brukar Martinius Skansen, brn. 9 og 18 Ødegården jordbruksareal ca. 55 mål, eigar og brukar Erik O. Holmen, brn. 12 Haugen øvre, jordbruksareal ca. 15 mål, eigar og brukar Arne O. Haugen, brn. 14, 15, 16 Dalsveen jordbruksareal ca. 20 mål, eigar og brukar Torstein Storsveen.